



ALVER
KOMMUNE

Revidering av kartlegging og verdisetjing av friluftlivsområde 2023

Rapport
20.08.2023





Innhold

1. Innleiing.....	1
2. Metode og gjennomføring	1
3. Medverknad.....	5
4. Resultat av kartlegging.....	6
5. Oppsummering	6

1. Innleiing

Kommuneplanen sin samfunnsdel for Alver 2022-2034 har mål om at «*Innbyggjarane og besøkande i Alver nyttar naturen til fritid og rekreasjon*». Strategiane for å nå dette målet er at «*Vi skal sikre at innbyggjarar har tilgang til og kan bruke fjellet, skogen og sjøen*» og at «*Vi skal leggje til rette for nærturar og aktivitetar der folk bur, og gi god informasjon om tilbodet*». Oppdatert kunnskap om friluftsområda i kommunen, kvalitetar ved dei ulike områda og korleis dei vert nytta, er naudsynt for at kommunen skal kunna sikra, utvikla og informera om dei ulike friluftslivsområda i kommunen i tråd med samfunnsdelen.

Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde er ein metode som vart løfta fram i *Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv og Nasjonal handlingsplan for statlig sikring og tilrettelegging av friluftslivsområder*. Begge desse vart lagt fram av regjeringa i 2013. Det var ei uttalt målsetjing av flest mogleg kommunar skulle ha kartlagt og verdsatt sine viktigaste friluftsområde innan 2018. Miljødirektoratet utarbeida ein rettleiar, *M98-2013 Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder*, som skulle nyttast i samband med kartlegging og verdsetting av friluftsområda i alle kommunane.

Både Radøy, Lindås og Meland kommunar gjennomførte kartlegging og verdsetting av friluftsområde i 2016. Prosessane i dei tre kommunane vart gjennomførte i tett samarbeid med Bergen og Omland friluftsråd.


I år er det sju år sidan kartlegginga vart gjennomført. Det har skjedd ei rekkje endringar sidan den gong. Ein del område har blitt langt meir nytta, medan andre område har blitt mindre nytta. Det er gjennomført ei rekkje tilretteleggingstiltak, og i nokre område er tilrettelegginga fjerna. Utarbeiding av *Temaplan for friluftslivets ferdselsårer* og ro- og padledelen av same plan, har også gjeve oss auka kunnskap om friluftslivsområde i kommunen. Det var difor behov for ei revidering og samanstilling av kartleggingane frå 2016 for å få eit oppdatert kunnskapsgrunnlag om friluftslivsområda, til bruk i mellom anna kommuneplanen sin arealdel.

2. Metode og gjennomføring

Miljødirektoratet sin rettleiar frå 2013 vart lagt til grunn også i denne revideringa av kartleggingane frå 2016. For å nå fristane som var sett i framdriftsplanen til kommuneplanen sin arealdel, måtte prosessen forenklast samanlikna med dei opprinnelege kartleggingane. Dette gjeld både sjølve kartlegginga, arbeidet internt i kommunen og ekstern medverknad.



Denne revideringa tok utgangspunkt i ferdselsårene som var kartlagde i samband med *Temaplan for friluftslivets ferdselsårer* og ro- og padledelen av same plan. *Temaplan for friluftslivets ferdselsårer* omhandla ferdselsårer kring grunnskulane og kommune-, lokal- og nærsentra, i tillegg til regionalt viktige ferdselsårer. Det er såleis særleg i desse områda at kartlegginga og verdisetjinga av friluftsområda er oppdatert. I tillegg vart informasjonen om alle friluftsområda gått gjennom og oppdatert der det var kjende endringar.



*Figur 1: Kartutsnittet viser friluftslivsområda som var kartlagde og verdisette i 2016. Dei rosa linjene er ferdselsårene som var kartlagde i samband med *Temaplan for friluftslivets ferdselsårer*.*

Figur 1 viser dei kartlagde områda frå 2016 og ferdselsårer registrerte i samband med *Temaplan for friluftslivets ferdselsårer* i området kring Kløvheim. Illustrasjonen viser korleis kartlegginga i friluftslivets ferdselsårer kan nyttast i samband med revidering av friluftsområda.

I revideringa av friluftslivsområda er det lagt til nye område og allereie kartlagde område er utvida slik at alle stiar er knytt til eit registrert friluftslivsområde. I nokre tilfelle har eit område vorte splitta i to område dersom eigenskapar og bruken



varierte mykje innanfor eitt område. Nye område er skildra i tråd med rettleiaren, og informasjon om allereie kartlagde område er oppdatert der det er endringar.

Det har vore eit mål at områdeavgrensinga skal vera så nøyaktig som mogleg. Som hovudregel har ein tenkt funksjonell avgrensing av område, t.d. mot naturlege skilje i terrenget. I nokre tilfelle er plasseringa av grensene omtrentleg. Dette gjeld særleg dei områda der grensene går innanfor eit større grønt område, eller område i sjø. Dei reelle grensene mellom friluftsområde og andre område flyt meir over i kvarandre enn det som kjem fram av kartet. Avgrensinga av områda må difor tolkast som retningsgjevande og vurderast i kvart einskild tilfelle der det er tvil.

Etter kartlegginga og skildringa av dei ulike områda var gjort vart alle nye område verdisette og der det var gjort endringar, vart eksisterande verdisetting gjort på nytt. Kriteria for verdisetjing i rettleiaren vart nytta (sjå figur 2). Når alle dei relevante kriteria for eit område var vurderte, fekk kvart einskild område ein verdi frå A til D (sjå figur 3).



Verdsettingskriterier		1	2	3	4	5
Brukerfrekvens	Hvor stor er dagens brukerfrekvens?	Liten	Noe	Middels	Ganske stor	Stor
Regionale og nasjonale brukere	Brukes området av personer som ikke er lokale?	Aldri	Neste aldri	Middels	Ganske ofte	Ofte
Opplevelseskvaliteter	Har området spesielle natur- eller kulturhistoriske opplevelseskvaliteter? Har området et spesielt landskap?	Ingen	Litt	Middels	Ganske mange	Mange
Symbolverdi	Har området en spesiell symbolverdi?	Ingen	Litt	Middels	Ganske stor	Stor
Funksjon	Har området en spesiell funksjon (atkomstsone, korridor, parkeringsplass el.)?	Ikke spesiell funksjon	Noe spesiell funksjon	Middels funksjon	Ganske spesiell funksjon	Spesiell funksjon
Egnethet	Er området spesielt godt egnet for en eller flere enkeltaktiviteter som det ikke finnes like gode alternative områder til?	Dårlig	Ganske dårlig	Middels	Ganske godt	Godt
Tilrettelegging	Er området tilrettelagt for spesielle aktiviteter eller grupper?	Ikke tilrettelagt	Litt tilrettelagt	Middels tilrettelagt	Ganske godt tilrettelagt	Høy grad av tilrettelegging
Kunnskapsverdier	Er området egnet i undervisningssammenheng eller har området spesielle natur- eller kulturvitenskaplige kvaliteter?	Få	Ganske få	Middels	Ganske mange	Mange
Lydmiljø	Har området et godt lydmiljø?	Dårlig	Ganske dårlig	Middels	Ganske godt	Godt
Inngrep	Er området inngrepsfritt?	Utbygd	Ganske utbygd	Middels	Ganske inngrepsfritt	Inngrepsfritt
Utstrekning	Er området stort nok for å utøve de ønskede aktivitetene?	For lite	Mangler mye	Mangler noe	Mangler lite	Stort nok
Tilgjengelighet	Er tilgjengelig god, eller kan den bli god?	Dårlig	Ganske dårlig	Middels	Ganske god	God
Potensiell bruk	Har området potensial utover dagens bruk?	Liten	Ganske liten	Middels	Ganske stor	Stor

Figur 2: Kriteria for verdsettning. Henta frå M98-2013 Kartlegging og verdsetting av friluftsområde. Utgjeve av Miljødirektoratet.



Verdi	
Verdi	Anbefalt skala
A Svært viktig friluftslivsområde	Brukerfrekvens = 4,5 eller Regionale/nasjonale brukere 4,5 eller Opplevelseskvaliteter = 5 eller Symbolverdi = 5 eller Funksjon = 5 eller Egnethet = 5 eller Tilrettelegging = 5 eller En generell høy skåre
B Viktig friluftslivsområde	Brukerfrekvens = 3 eller Regional/nasjonal bruk 3 eller Opplevelseskvaliteter = 3,4 eller Symbolverdi = 3,4 eller Funksjon = 3,4 eller Egnethet = 3,4 eller Tilrettelegging = 3,4 eller En generell middels skåre
C Registrert friluftslivsområde	Brukerfrekvens = 2 eller Regional/nasjonal bruk 2 eller Opplevelseskvaliteter = 2 eller Symbolverdi = 2 eller Funksjon = 2 eller Egnethet = 2 eller Tilrettelegging = 2 eller En generell lav skåre
D Ikke klassifisert friluftslivsområde	Områder som ikke blir verdsatt som A, B eller C.

Figur 3: Verdi. Henta frå M98-2013 Kartlegging og verdsetting av friluftsområde. Utgjeve av Miljødirektoratet.

Det endelege datasettet vil verta lagt ut i Naturbase og gjort tilgjengeleg i Nordhordlandskart.

3. Medverknad

Medverknadsprosessen i denne revideringa har vore forenkla samanlikna med dei tidlegare kartleggingane. All oppdatering av kart og databasar vart gjennomført av kulturavdelinga ved hjelp av kartverktøy som vart gjort tilgjengeleg av kart- og oppmålingsavdelinga i kommunen. Der det har vore behov for meir informasjon, har ein tatt kontakt med aktuelle personar for kvart område. Resultatet av kartlegginga vart lagt ut på høyring på nettsider, kunngjort i aviser og sendt ut til lag og organisasjonar og relevante høyringspartar. På grunn av kort tidsfrist var høyringsperioden 14 dagar.

Alle innspel vart vurderte og for innspel som vart tatt til følgje er kart og tilhøyrande informasjon oppdatert.



4. Resultat av kartlegging

Kartlegginga har resultert i at talet på friluftsområde er ein del høgare enn i kartlegginga frå 2016. Nokre nye område er lagt til og nokre område er delte for å kunne differensiera betre på eigenskapar og bruk innanfor større område. Areal som dei registrerte områda dekkjer, er noko større enn i 2016.

Særleg har arealet på A-områda (svært viktige friluftsområde) auka. Dette skuldast i stor grad at nærtuområde ved større tettstader er løfta frå B (viktige friluftsområde) til A-område på grunn av høg bruksfrekvens. I tillegg er områda kring Husdalsfjellet løfta frå B-område til A-område på grunn av særeigne kvalitetar, og ein del populære padleområde er lagt inn som A-område.

Verdi	Tal på område		Areal (km ²)	
	2016	2023	2016	2023
A	63	75	53,01	117,94
B	100	121	129,83	124,87
C	91	124	104,72	64,8
Totalt	254	320	287,56	307,61

Figur 4: Tal på kartlagde og verdisette område etter verdi.

5. Oppsummering

Revideringa av kartlegging og verdisetjing av friluftsområda har gjeve oss eit oppdatert kunnskapsgrunnlag om friluftsområda i kommunen både til lands og til sjøs. Det er viktig at kartleggingane vert lagt til grunn for arbeidet med arealplanar og byggesaker slik at ein sikrar viktig areal til friluftsføremål, i tillegg tilkomst til friluftslivsområda. Utvikling av friluftslivsområda må planleggjast gjennom relevante kommunedelplanar og temaplanar.